



## Nye Voss 2020

### Kva?

Frå 1. januar 2020 er Voss og Granvin slått saman til ein ny kommune, Voss herad. Dette betyr reint formelt at gamle Voss kommune og Granvin herad er lagt ned, og ein ny kommune er etablert. Samanslåinga kjem som fylgje av kommunereforma som vart vedteke i Stortinget i juni 2017. Reforma vart sett i gang alt i 2014. I august 2017 vedtok heradsstyret i Granvin og kommunestyret i Voss formelt å slå seg saman.

### Korleis?

Både skular, barnehagar og sjukeheimar skal vera på same stad som i dag. Målet er å bygga ein kommune som er i stand til å levera gode tenester og løysa fleire oppgåver. Kommunesenteret og administrasjonen vert på Vossevangen. Det er eit siktemål å oppretthalda enkelte tenestetorgfunksjonar i Granvin, og i dette arbeidet vert det lagt opp til å utvikla gode digitale tenester. I tida fram mot samanslåing vil dei to kommunane arbeida med å harmonisera tenestetilbodet.

### Kvifor?

Voss og Granvin slår seg saman for å bli betre. Den nye kommunen skal:

- levera gode og likeverdige tenester i heile den nye kommunen

- ha evne til å ta på seg større oppgåver
- vera ein berekraftig og økonomisk solid kommune
- skapa vekstkraft i eit variert næringsliv i heile den nye kommunen
- arbeida for å halde oppe og styrka etablerte offentlege og private verksemdar, og vera ein attraktiv kommune for lokalisering av bedrifter og institusjonar.
- styrka posisjonen som ein av dei mest attraktive idretts- og kulturkommunane i landet
- sikra eit sterkt lokaldemokrati


### Kven?

Fellesnemnda leiår arbeidet med samanslåinga. Fellesnemnda er sett saman av politikarar frå Voss og Granvin, og fungerer som eit kommunestyre for den nye kommunen.


Partssamansett utval har òg ei viktig rolle i arbeidet, dette utvalet er sett saman av politikarar og tillitsvalde frå begge kommunane.

### Meir?

Det er stor skilnad på engasjementet og informasjonsbehovet i ei samanslåing. Dei som treng informasjon, skal få det. Dei som er interessert, skal kunne finna informasjonen. Hovudkjelda vert nettstaden nyevoss.no. Her finn du møtereferat og dokument, nyheiter og aktuelt. Også nettsidene til Voss og Granvin vil ha lenkje til denne nettstaden. Samanslåinga har også ei side på Facebook, som heiter Nye Voss. Om du ikkje har tilgang til internett, kan du ringa til kommunane, eller koma innom. Det vil også bli folkemøte i høve samanslåinga etter kvart.



*NYEVOSS.NO: Hovudkanalen for informasjonen vert nettsida nyevoss.no. Du finn sida også via heimesidene til både Voss og Granvin.*



*FACEBOOK: Følg samanslåinga på Facebook*